



ULEFOSS ROTARY KLUBB

REFERAT FRA KLUBBMØTE

Dato	År	Referent
11. januar	2018	Liv Sonja Flolid

Desse møtte: Ola V, Irene, Bjørn E, Øystein, Asbjørn, Per S, Per H, Miklos, Knut, Ragnar, Egil, Anders, Niels, Hans Petter, Kolbjørn, Einar, Anders og Liv Sonja
Dagen i dag v/Ola

Dagen i dag - 11. januar

Brettemesse: Særnorsk høgtid til minne om den irske helgenen Sankta Brigid.

Navnedag: Børge, Børre

Det skjedde 11. januar

1989: Ungarn vedtok en ny lov som åpnet for flerpartisystem.

1978: Olje- og energidepartementet ble opprettet.

1975: Sovjetunionen sendte opp det bemannede romskipet «Sojus 17».

1972: Skuespilleren Kåre Conradi ble født.

1964: Nattklubben «Whisky A Go-Go», USAs første diskotek, åpnet.

1960: Tsjad erklærte seg selvstendig.

1948: Atominstituttet på Kjeller ble åpnet.

1922: Insulin ble for første gang brukt på en pasient.

1918: Den norske motstandslederen Gunnar Sønsteby ble født.

1911: Skuespilleren Harald Heide Steen (den eldre) ble født.

1910: Politikeren Trygve Bratteli ble født.

1886: Botanikeren Johannes Lid ble født.

Sitatet

«Å være naturlig er en veldig anstrengende rolle.» (Oscar Wilde)

«Man skal ikke laste mottatt gave.» (Dansk)

3-minutt v/Einar: Om influensa



Einar - fra en annen anledning

Starten, historia og råda mot sjukdomen. Ei gamal homeopatisk lærebok frå 1874 hadde følgjande råd å gje: Opium og arsenikk-blanding! Elles er god handhygiene lurt. Einar viste og beskreiv ved hjelp av bilete og tekst!

Han opplyste elles om invitasjonen frå Tyskland til ungdomsutvekslinga i Rotenburg frå 30. juni til 6. juli. Klubbmedlemene må sjå seg om etter gode kandidatar som vi kan sende, og tipse Einar om dei.

Vidare las Einar opp, og sendte rundt, takkebrev frå familien Cappelen i samband med Dideriks gravferd.

Så helsa han frå Sara Sofia, som sender all muleg takk for alle julegåvene! Ungjenta skikkar seg vel, går godt på ski, gjer leksene sine og skal no lære seg å gå på skøyter! Tvi, tvi, Sara Sofia!

Kveldens hovudgjest var Julian Kramer. Foredraget hans hadde tittelen

Blir vi norske av å bo i Norge?



Julian Kramer. Blir vi norske ... ?

Kramer kjem opprinneleg frå Sør-Afrika, og kom til Noreg i 1973. Han er gift norsk, og utdanna som sosialantropolog. Han har jobba m.a. med bistand og vore tilsett i Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. Fram til 1970 var det fleire som flytta ut av landet enn det var som kom hit for å busette seg, medan det i dag er omvendt. No bur folk frå over 100 nasjonar her. Endringa kom på 70-tallet. Dei fleste innvandrarane kjem frå U.S.A. og Europa; av dei mange frå Polen.

- Kva er det som gjer nordmenn norske?
 - Opphav, røter? Kor langt tilbake går slekta?
 - Statsborgarskap, statskyrkja (felles religion)?
 - Felles tradisjonar/kultur (gå på tur..)?
 - Mattradisjonar?
 - Språk – dialekt – nynorsk/bokmål? (Du er norsk fordi du er stril! Og dermed ikkje bergensar!)
 - Mari Boine, Abid Raja, Hadia Tajik? Norske med noko attåt!
- Vår kultur pregar måten vi oppfattar verda på. Men kva er kulturgtrfgvbfffffffffffff? (pus gjekk over tastaturet ...)
 - Kva er kultur? Her viste Kramer ein illustrasjon av eit isfjell; øvste del er symbol som mat, kunst, dans, språk og tradisjonar, medan under overflata ligg normer/reglar, kulturelle koder, verdiar og verdsbilete. Kultur er skapa av menneska i fellesskap. Dei må lærast. Me tek dei for gitt, oppfattar dei som normale. Men så fortalte Kramer historia om dei som aldri hadde sett eit trafikklys før, og reaksjonen på det. Tenk berre på mat: På muslimar og deira forbod mot å eta svin, på oss og tanken på å ete hund! Alle kulturar har sine pluss og minus. Mat er følelsar og symbol: Ribbe og surkål betyr «norsk jul»!
- Verdikonflikter;
 - Reservasjonsretten for lækjarar
 - Kvinnelege prestar og dei andre prestane....
 - Å vie homofile par
 - Uniform og religiøse hovudplagg

Men så får ein dispensasjon innimellom, me finn ein måte å løyse ting på.
- Mangfald
 - Andre måtar å leve på enn slik du gjer det? Er dei betre? Eller verre?
 - Kven bestemmer kva som er «normalt» eller «rett»?
 - Kva tid er det som er annleis, berre forskjellig, og kva tid blir det problematisk?
 - Korleis reagerer vi på det vi ikkje likar, men som ikkje er ulovleg?
 - Å forstå, kontra å ha forståelse for ...

Miklos sitt innsmett på slutten:

Er det så om å gjere å verta norsk? Kva skal til for å verta akseptert som ein god (norsk) samfunnsborgar?

Ja sei det! Ein spennande kveld med mange tankekors, sett frå ein som kom utanfrå.



Vin og bok ble overrakt av Incoming Irene. Og ble godt mottatt!

Kolbjørn vann vinen og Per H fekk napp!